Vamp rørte publikum

Vamp leverte torsdag ein konsert som publikum, dei fleste oppe i åra, verkeleg sette pris på.

Av Ivar Vaage - Publisert 17.04.2009

Mange av songane dei framfører var med på den fyrste plata, «God morgon, søster», som kom ut i 1993. Me har høyrt dei før, men tolte godt å høyra dei igjen.

Vamp strålar ut rutine, originalitet og speleglede, og framstår i dag som eit av våre aller største band, på line med Sambandet og De Lillos.

Tre av musikarane har vore med sidan starten fyrst på -90-talet og utgjer grunnstamma i bandet: Sjefen sjølv, Øyvind Stavland, Torbjørn Økland og Carl Øyvind Apeland. Sidan gruppa sist vitja Husnes i 2006, har dei fått ny vokalist. Unge Paul Hansen fyller absolutt skoa til sin meir utagerande forgjengarar, Jan Vidar Johansen. Hansen har ei lys tenorrøyst og syng vakkert utan dei store faktene. Multitalentet Odin Stavland er òg ny sidan sist.

Øyvind Stavland opplyser at det er dei to ungdomane som har bestemt repertoaret, som er ei høveleg blanding av gode, gamle Vamp-songar og nyare melodiar frå den siste plata deira, «st. måndag».